

Marius - mest framgangsrike spelar.

06.11.2016



Årets mest framgangsrike Trio-spelar, Marius Myklebust.

Før denne fotballsesongen starta, valde dei to Uskedals-unggutane Sondre og Marius Myklebust å prøva seg i 4.divisjon med Trio. Begge dei to tidlegare Rosendalsspelarane har fått godt med speletid utanom periodar med skadar. Laurdag vart Marius Myklebust kåra til Trio sin mest framgangsrike spelar i sesongen 2016 under ei fin tilstelling i Triohuset.

På same festen vart Åsmund Voster kåra til årets Trio-spelar, medan Simen Røssland hadde best treningsfammøte. Alle tre er svært unge spelarar så det lovar bra for Trio si framtid trass i nedrykket til 5.divisjon.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ragnvald Myklebust